




ÅRSRAPPORT 2008





## ÅRSRAPPORT 2008

## 00/ENGLISH SUMMARY

---

**THE NATIONAL CULTURAL HISTORICAL PROPERTIES** (Statens kulturhistoriske eiendommer, SKE) project was established in 2003. The project's aim is to coordinate and supervise a review of state-owned properties with a view to identifying historically important properties/buildings and ensuring them formal protection. This measure is taken, among other reasons, because national heritage properties previously have been protected only to a very limited degree. The project work has been prepared through a preliminary project that was submitted to the Minister of AAD (Ministry of Labour and Government administration) in March 2002.

The project is a subsidiary of the Ministry of Government Administration and Reform (FAD) and was headed by director general Kasper Holand in FAD until 28 February 2008, when he was replaced by deputy director general Oskar Petter Jensrud. The project has had its own secretariat with 3 employees. The task of overseeing the project has been the responsibility of a reference group, made up of participants from the ministries or government departments with the main responsibility for policy at the national level concerning state-owned properties and cultural monuments.

SKE's work is founded in a government mandate and is based on sector responsibility as it is established in applicable environmental policy. The review of the nationally owned properties will be conducted sector wise; each ministry is responsible for the work done within its sector. For practical reasons, the work is divided into phases, starting with a quick review of the entire inventory of properties, followed by closer documentation of the properties/buildings that can be perceived to be worthy of protection and finally, selection of the installations/buildings proposed for preservation.


The selection decided upon will then be presented along with a description of the extent of work, criteria for selection and the sector's/ activity's history in a consolidated planning document: a national protection plan for the sector/activity. The Directorate for Cultural Heritage will formally register the properties for protection based on the recommendations of the national protection plan.

In order to alleviate the work of the sectors, the project has developed a web-based database designed to archive the documentation necessary for the determination of protection. This database is accessible for both representatives from the sectors and the professionals who are engaged in the work itself. It is possible to print out portions of the final planning documents directly from the database.

The project submitted the first rough overview of proposed buildings and properties for protection by the end of 2003, based on data the sectors submitted during the first cursory review. In 2007 and 2008 the first national protection plans have been delivered to the Directorate for Cultural Heritage.

1.1.2009 the National Cultural Historical Properties project was transferred to the Ministry of the Environment and the Directorate for Cultural Heritage.

## 01/FORORD



**SKIFTANDE REGJERINGAR OG EIT SAMLA STORTING** har fleire gonger understreka kor viktig det er at staten tek godt vare på kulturminna sine. Difor vart også prosjektet Statens kulturhistoriske eigedommar skipa.

Vi overlet no ansvaret for prosjektet til Miljøverndepartementet og Riksantikvaren. Kan hende var det klokt at Fornyings- og administrasjonsdepartementet som eigedomsdepartementet var drivkrafta i fyrste fase. Vi likar sjølv sagt å tru det. Men no er tida moden for at prosjektet vert leidd vidare av dei som er fagmyndigheit på området. No kjem landsverneplanane til handsaming hos Riksantikvaren i fullt monn. I tillegg skal dei ta vare på registerdata og samkjøre dei i sine system. Difor er det ei naturleg stafettveksling som no skjer ved overgangen til Kulturminneåret 2009.

Vi vil takke alle samarbeidspartnarar og gode krefter som har gjort dette prosjektet til det største offentlege kulturminneprosjektet nokon sinne. Mange tusen eigedomar er registrerte. Her ligg ei kjelde til kunnskap om staten sine bygningar som vi aldri før har hatt. Denne kunnskapen skal gjere forvaltninga betre og ressursbruken meir målretta.

Ei rekkje landsverneplanar og forvaltningsplanar vert utforma. Vi må likevel minne kvarandre på at ein plan berre er eit verkty. Planen er ikkje resultatet. Prosjektet har gjeve oss auka medvit om staten sine kulturhistoriske verdier. Denne kunnskapen må i åra som kjem resultere i betre forvaltning av dei store felles verdiane det er snakk om. Berre då kan vi seie at dette prosjektet har vore vellukka.

Med håp om at staten no er betre skikka til å ta vare på den handfaste kulturhistoria si, ynskjer vi dykk lykke til med det vidare arbeidet.




Oskar Petter Jensrud Foto: Ann Kristin Lindaas, FAD

OSKAR PETTER JENSRUD

Avdelingsdirektør

Prosjektleder Statens kulturhistoriske eigedomar



Høgblokka i Regjeringskvartalet slik den sto ferdig i 1959, arkitekt Erling Viksjø. Utstillingsmodell utført av Frysja modellverkstad 1999 for Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design. Foto: Leif Anker, SKE

# INNHALD



|           |   |           |
|-----------|---|-----------|
| <b>00</b> | <b>ENGLISH SUMMARY</b>  | <b>4</b>  |
| <b>01</b> | <b>FORORD</b>   | <b>5</b>  |
| <b>02</b> | <b>BAKGRUNN OG MANDAT</b>   | <b>8</b>  |
| 02.1      | Bakgrunn  | 8         |
| 02.2      | Mandat for 2007/2008  | 8         |
| 02.3      | Overføring av prosjektansvaret til MD                                     | 9         |
| <b>03</b> | <b>PROSJEKTET</b>   | <b>10</b> |
| 03.1      | Sekretariatet   | 10        |
| 03.2      | Referansegruppa   | 11        |
| 03.3      | Lokale og heimeside   | 11        |
| <b>04</b> | <b>HOVUDOPPGÅVER 2008</b>   | <b>12</b> |
| 04.1      | Innleiing   | 12        |
| 04.2      | Landsverneplanar  | 12        |
| 04.2.1    | Status for arbeidet med landsverneplanar                                  | 12        |
| 04.3      | Registeret  | 24        |
| 04.3.1    | Registerutvikling   | 24        |
| 04.3.2    | Gjennomføring av registrering   | 24        |
| 04.3.3    | Overføring av data frå SKE-registeret etter avslutta landsverneplanarbeid | 24        |
| 04.3.4    | Registerstatus november 2008  | 24        |
| 04.3.5    | Andre verksemders bruk av SKE-registeret                                  | 28        |
| 04.4      | Forvaltningsstrategi for statens kulturhistoriske eigedommar              | 28        |
| 04.4.1    | Arbeid med forvaltningsplanar   | 28        |
| 04.4.2    | Rettleiar reguleringsplanarbeid for bygningar i verneklasse 2             | 28        |
| 04.5      | Formidling  | 28        |
| 04.5.1    | Forum for landsverneplanar  | 28        |
| 04.5.2    | Nettsida  | 29        |
| 04.5.3    | Utstilling i Regjeringskvartalet  | 29        |
| 04.6      | Diverse   | 29        |
| 04.6.1    | Studietur til Lisboa  | 29        |
| 04.6.2    | SKE sin metode  | 29        |
| <b>05</b> | <b>BUDSJETT OG ØKONOMI</b>  | <b>30</b> |
| 05.1      | Budsjettrammer  | 30        |
| 05.2      | Forbruk i 2008  | 30        |

## 02/BAKGRUNN OG MANDAT

---

**02.1 BAKGRUNN** Prosjektet statens kulturhistoriske eigedommar (SKE) er forankra i mandat frå regjeringa og basert på sektoransvaret slik det er nedfelt i gjeldande miljøpolitikk i St.meld. nr. 58 (1996–97) 'Miljøpolitikk for en bærekraftig utvikling' og St.meld. nr. 25 (2002–2003) 'Regjeringas miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand'. Prosjektet er også ei oppfølging av dei nasjonale miljømåla slik dei er nedfelte for alle sektorar i Miljøverndepartementets St.prp. nr. 1 (2002–2003). SKE viser elles til Miljøverndepartementets St.meld. nr. 16 (2004–2005) 'Leve med kulturminne'.

Prosjektet Statens kulturhistoriske eigedommar har sin bakgrunn i St.prp.nr.1 (2001–2002) for Arbeids- og administrasjonsdepartementet (AAD). Her blei Stortinget varsla om at den dåverande regjeringa planla ein gjennomgang av staten sine kulturhistoriske eigedommar. Bakgrunnen for arbeidet var trongen for å kartleggje staten sine kulturhistoriske eigedommar og etablere ei betre forvaltning av desse. Problemstillingar og omfang vart lagt fram i forprosjektrapporten 'Statens kulturhistoriske eigedommar – politikk for eigarskap og forvaltning' (mars 2002).

I september 2002 bestemte regjeringa å setje i gang prosjektet Statens kulturhistoriske eigedommar (SKE) for åra 2003 og 2004. I desember 2003 bestemte regjeringa at prosjektet skulle halde fram ut året 2006, slik forprosjektet hadde lagt til grunn.


Hausten 2006 blei det avgjort at prosjektperioden skulle forlengjast ut 2008, mellom anna fordi arbeidet hadde fått større omfang enn forventa, ikkje minst på grunn av aktiv medverknad frå statlege selskap og føretak. Samtidig såg ein at nøling med oppstart i fleire departement ville føre til seinare ferdigstilling for fleire av landsverneplanprosjekta. Dette var difor også ei medverkande årsak til at prosjektperioden vart forlengd.

**02.2 MANDAT 2007/2008** Mandatet for prosjektet statens kulturhistoriske eigedommar for 2007 og 2008 skildrar trongen for å sikre resultatet av det arbeidet som no er starta opp, og har denne ordlyden:

**Prosjektet Statens kulturhistoriske eigedommar skal i 2007-2008:**

- assistere og koordinere arbeidet med landsverneplanar i dei ulike sektorane,
- ha ansvaret for drift og vedlikehald av det nettbaserte eigedomsregisteret med data frå alle deltakarar i prosjektet,
- formidle og gi råd om regjeringa sin strategi for forvaltning av staten sine kulturhistoriske eigedommar og arbeidet med forvaltningsplanar,
- stimulere til formidling av landsverneplanarbeidet i sektorane,
- sikre informasjon og erfaringsoverføring mellom deltakarane i prosjektet, drifte prosjektet si heimeside, arrangere relevante møte og seminar,






- kartleggje aktørane sin trong for og evne til å ta i mot registerdata etter avslutta landsverneplanarbeid, slik at dei kan nyttiggjere seg data frå prosjektet sitt register etter prosjektavslutninga,
- leggje til rette for å avslutte prosjektet ved utgangen av 2008, mellom anna med framlegg om handtering av eventuelle gjenståande oppgåver.

Fleire har ferdigstilt sine landsverneplanar og sendt dei over til Riksantikvaren for formell handsaming i løpet av 2008. Nokre planar vil likevel ikkje verte ferdige før i 2009. Derfor trengst det koordinering og oppfølging av dei planane som står att.

**02.3 OVERFØRING AV PROSJEKTANSVARET TIL MD** I og med at landsverneplanane no etter kvart vert sende over til Riksantikvaren (RA) til handsaming, og at eigedomsregisteret etter kvart skal samkøyrast og integrerast i kulturminneregisteret Askeladden som RA har ansvaret for, vart det i juni 2008 bestemt at Miljøverndepartementet tek over leiinga og slutføringa av prosjektet Statens kulturhistoriske eigedomar frå og med 2009. Samstundes bestemte regjeringa at landsverneplanane skulle slutførast raskast mogeleg.



Første etasje i Høgblokka med søyler og golvfliser i naturbetong. Søylen er sandblåste i mønster mens golvflisene er skorne og polerte. Inngangspartiet i bakgrunnen var opphavleg ein open gjennomgang. Foto: Leif Anker, SKE

## 03/PROSJEKTET

---

**03.1 SEKRETARIETET** Prosjektet har vore underlagt Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD) til og med 2008. Hovudprosjektet starta opp ved årsskiftet 2002/2003 og var inntil årsskiftet 2004/2005 under leiing av spesialrådgjevar Brit Denstad i dåverande Moderniseringsdepartementet. Prosjektleiari i perioden 2005–2007 var ekspedisjonssjef Kasper Holand i Statsforvaltningsavdelinga i FAD. Frå 2007 har avdelingsdirektør Oskar Petter Jensrud i same avdeling vore prosjektleiari.

I 2003 blei det etablert eit eige sekretariat for gjennomføring av prosjektarbeidet. Sekretariatet har i 2008 hatt fire medarbeidarar; seniorrådgjevar Eirik T. Bøe og rådgjevarane Heidi Uleberg, Marit Vestvik og Leif Anker. Eirik Bøe slutta 28. februar og blei frå 8. mai 2008 erstatta av Leif Anker. I tillegg til den faste bemanninga har det vore leigd inn eksterne konsulentar for å hjelpe til med konkrete oppgåver. Også i 2008 har systemutviklar Gisle Totland (ViaNova AS) og systemutviklar Ola Flem (Flem Consult) vore engasjerte.



3. etasje i Høgblokka, utsmykking søre veggfelt av Inger Sitter. Foto: Leif Anker, SK&E



**03.2 REFERANSEGRUPPA** Prosjektet vert følgt opp av ei referansegruppe med deltaking frå departement og etatar som er sterkt involverte i eigedoms- og kulturminnepolitikken i staten. Referansegruppa skal hjelpe prosjektet med kunnskap og råd, syte for forankring og naudsynnte avklaringar i dei respektive departementa/etatane. Prosjektleiari og leiari for referansegruppa har vore Oskar Petter Jensrud frå FAD.

**Desse har vore med i referansegruppa i 2008:**

|   |  |
|---|--|
| <u>Fornyings- og administrasjonsdepartementet</u> | Seniorrådgjevar Kaare Falkenberg   |
| <u>Miljøverndepartementet</u>                     | Avdelingsdirektør Einar Holtane (til 30/6)<br>Avdelingsdirektør Janne Wilberg (frå 1/7)<br>(Seniorrådgjevar Benedicte Boye møter som vara) |
| <u>Forsvarsdepartementet</u>                      | Stabssjef Janne Wilberg (til 30/6)<br>Prosjektleiari Marte Oftedal (frå 1/7)   |
| <u>Kultur- og kyrkjedepartementet</u>             | Underdirektør Kristin Solbjør Folstad<br>Seniorrådgjevar Isabell Lexow (til 30/9)  |
| <u>Kunnskapsdepartementet</u>                     | Underdirektør Arne Hovden  |
| <u>Riksantikvaren</u>                             | Avdelingsdirektør Unni Grønn<br>(Rådgjevar Ingrid Djupedal møter som vara)   |
| <u>Statsbygg</u>                                  | Direktør for utvikling May Balkøy  |
| <u>ABM-utvikling</u>                              | Seniorrådgjevar Espen Hernes   |

Det er halde seks møte i referansegruppa i løpet av 2008. I tillegg blei det gjennomført ein studietur til Lisboa frå 7.–10. september.

**03.3 LOKALE OG HEIMESIDE** Sekretariatet har leigd lokale hos Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) i Storgata 2, Oslo.

Prosjektet har hatt eiga heimeside på [www.statenskulturhistoriskeeigedommar.no](http://www.statenskulturhistoriskeeigedommar.no).

## 04/HOVUDOPPGÅVER 2008

---

**04.1 INNLEIING** I løpet av 2008 har dei fleste landsverneplanprosjekta vore i arbeid og nokre av dei siste har kome i gang. Fleire landsverneplanar er også vortne ferdige, mellom anna landsverneplan for spesialisthelsetenesta, den største i sivil sektor. SKE har retta mykje av sine ressursar inn mot koordinering av den aukande aktiviteten, og tilrettelegging for mest mogleg effektive prosessar i sektorane sitt arbeid. Det har difor også i 2008 vore eit tett samarbeid med Riksantikvaren og deira representantar i dei ulike landsverneplanprosjekta, og likeeins med Forsvarsbygg og Statsbygg som sentrale kompetansmiljø i staten.

Arbeidet med registeret har også i 2008 vore retta mot å vidareutvikle rapportfunksjonane og å førebu overføring av data frå SKE-registeret.

Siste halvår av 2008 har òg vore prega av førebuing av oppgåver som vart overførde til Miljøverndepartementet og Riksantikvaren ved årsskiftet.


**04.2 LANDSVERNEPLANAR** Regjeringa bestemte i desember 2004 at alle statlege sivile sektorar skal utarbeide landsverneplanar. Ytterlegare styrking av arbeidet blei det hausten 2006 då det i statsråd blei vedteke ein kongeleg resolusjon om forvaltning av staten sine kulturhistoriske eigedomar. Den trådde i kraft 1. oktober 2006. Resolusjonen føreset at det vert laga sektorvise landsverneplanar som stadfestar verneverdien av staten sine eigedomar. Resolusjonen har etter kvart letta SKE sitt arbeid med å få sektorane til å starte opp landsverneplanprosjekta.

Med bakgrunn i resolusjonen har FAD også utarbeidd rettleiaren "Forvaltning av staten sine kulturhistoriske eigedomar. Overordna føresegnar gitt i kongelig resolusjon, med utfyllande rettleiing". Rettleiaren er å finne på heimesida til prosjektet.

Riksantikvaren har i 2008 oppretta ei eiga prosjekteining for fredingsgjennomgang og oppfølging av landsverneplanarbeidet i statleg sektor. Føremålet med prosjekteininga er mellom anna å samordne Riksantikvaren sitt arbeid med dei ulike landsverneplanane.

Kulturminnelova gjeld ikkje på Svalbard, og statlege bygningar der inngår difor ikkje i prosjektet. Kulturminnearbeidet på Svalbard skjer i regi av Sysselmannen. SKE er på linje med Riksantikvaren og Sysselmannen oppteken av at også bygningar som ikkje er automatisk freda, vert registrerte. På Svalbard vil det seie bygningar som er førte opp etter 1945.

**04.2.1 STATUS FOR ARBEIDET MED LANDSVERNEPLANAR** I løpet av 2008 har dei fleste sektorar starta eller vidareført arbeidet med landsverneplanane. Dei fleste er no i sjølve produksjonsfasen, medan nokre er ferdige eller ligg til behandling hos departementet eller Riksantikvaren. I kraftsektoren vart det på våren 2008 organisert verneplan for Statkraft med eigen prosjektleiar knytt til



museumsverksemda til NVE. Det lukkast ikkje å halde oppstartsmøte med Riksantikvaren før utgangen av 2008. Kontaktperson i Statkraft/NVE har vore Elisabeth Høvås. Kontaktpersonar i SKE har vore Eirik Bøe og Leif Anker.

Når det gjeld Stortinget og deira eigedomsmasse, er det også trong for å finne ei praktisk innretning på arbeidet, då Stortinget som institusjon ikkje kan plasserast i ein samfunnssektor slik tilfelle er for dei fleste departementa.

### >>> ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENTET (AID)

Oppdraget med å kartlegge bygningsmassen nytta til trygdekontor er delegert frå departementet til Arbeids- og velferdsdirektoratet og vert utført av NAV Drift og Utvikling.

Trygdekontora vart i si tid i stor grad overførte til Entra Eigedom AS og er omtalte i verneplandokumentet som selskapet har utarbeidd. Desse eigedommane vil utgjere hovuddelen i Arbeids- og velferdsdirektoratet sitt arbeid. AID har arbeidd med å skaffe oversikt over den totale bygningsmassen som har vore i bruk av etaten. Carl Jon Buraas har utarbeidd rapport med kort historikk og oversikt over kva bygningar som har vore i bruk av etaten, pluss utfyllande historikk for dei eigedommane som er eigde av Entra Eigedom AS. I august vart det halde kontaktmøte mellom SKE og NAV der arbeidet med verneplan vart drøfta. NAV har sett bort oppdraget med å utarbeide landsverneplan til NIKU. Arbeidet var i slutfase ved utgangen av 2008.

Kontaktperson i NAV Drift og Utvikling er rådgjevar Carl Jon Buraas og Knut Ove Jevne. Kontaktpersonar i SKE har vore Eirik Bøe og Leif Anker.

I brev frå FAD til AID i august vart det også bede om at statlege eigedomar i bruk av UDI vart registrerte og vurderte med tanke på vern. Ved årsskiftet var dette arbeidet enno ikkje starta opp.

### >>> BARNE- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENTET (BLD)

BLD har starta arbeidet med å organisere ein landsverneplan knytt til barnevernet. Statsbygg har starta opp arbeidet med landsverneplan for BLD.

Øivind Skøien var prosjektleiar hos Statsbygg fram til august, deretter Anders Kalstad. Kontaktperson i BLD har vore Helga Aanderaa.

Statsbygg overtok forvaltninga av ei rekkje institusjonar innan barnevernet etter at den første registreringa av eigedomsmassen vart gjennomført i 2003, og desse eigedomane vart difor ikkje lagde inn i SKE sin database. Statsbygg gjorde hausten 2007 ei hurtigregistrering av alle BLD-eigedomane med bilete og omtale av kulturmiljø. Registreringsresultat og ei fyrste verne vurdering vart lagde fram for BLD i november 2007. Etter avtale med BLD laga Statsbygg avtale med historikaren Svein Henrik Pedersen om å skrive sektorhistoria. Denne har vore supplert med ein bolck om sektoren sin bygningshistorie skrive av Leif Maliks. Landsverneplanen var opphavleg planlagd å vere ferdig i april 2008. Grunna ulike omstende vart han først ferdig i desember.

Kontaktperson hos Riksantikvaren har i 2008 vore Francine Lampe, og hos SKE Eirik Bøe, etterfylgd av Leif Anker.

### >>> FINANSDEPARTEMENTET (FIN)

Under FIN er det fyrst og fremst bygningar knytte til Noregs Bank og Toll- og avgiftsdirektoratet som er aktuelle i landsverneplanssamanheng.

Noregs Banks filialbygningar vart vernevurderte av Riksantikvaren då dei gjekk ut av bruk for Noregs Bank, og Noregs Bank har på eige initiativ teke seg av dokumentasjon og historieskriving av sin noverande bygningsmasse. Funksjonane i ein landsverneplan var dermed oppfylte allereie før SKE-prosjektet kom i gang.

Toll- og avgiftsdirektoratet (TAD) har kome langt i arbeidet med framstilling av ein landsverneplan. Historikaren Øyvind Grøndahl frå Rokkansenteret i Bergen har levert eit utkast til overordna etatshistorie, og TAD har knytt til seg NIKU for kulturhistoriske vurderingar av eigedomane. Fleire av eigedomane er eigde av Entra Eigedom AS, og NIKU har etter avtale med Entra supplert registeret. Verneplanen for TAD vart ferdig hausten 2008.

Kontaktperson i TAD har vore førstekonsulent Bjørg Grøndahl, hos SKE Marit Vestvik og hos Riksantikvaren førstekonsulent Linda Veiby.



### >>> FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENTET (FKD)

FKD har tidlegare laga ein verneplan for fyrstasjonar. Det er likevel ytterlegare 40 000 objekt knytte til navigasjon og kystfart langs kysten. Kystverket er difor i gang med eit verneplanarbeid som tek for seg hele den maritime infrastrukturen.

Det er etablert ei styringsgruppe og rådgjevar Torstein Olsen frå Kystverket Sørøst er prosjektleiar. Ettersom dette ikkje dreier seg om bygningar, og arbeidet vart starta opp utanfor SKE, skjer dette uavhengig av SKE. SKE vert likevel orientert om arbeidet, og erfaringar vert utveksla mellom prosjekta.

Saksbehandlar for Fiskeri- og kystdepartementet sin verneplan hos Riksantikvaren er seniorkonsulent Eivind Lande, og kontaktperson i SKE har vore Eirik Bøe, deretter Leif Anker.

### >>> FORNYINGS- OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENTET (FAD)

Statsbygg har fått i oppdrag å utarbeide utkast til landsverneplan for FAD. FAD sitt sektoransvar er hovudsakleg knytt til statens kongelege eigedommar, regjeringsbygningane og Statens hus der fylkesmannsembeta og andre verksemdar innan regional statsforvaltning har tilhald. FAD sin samla landsverneplan vil òg omhandle dei statlege eigedommane som Statsbygg forvaltar, men som ikkje har ei klår sektortilknytning. Endeleg identifisering av denne gruppa krev at arbeidet med dei fleste andre landsverneplanane har kome lengre enn no. Det inneber at det tek noko tid før ein kan slå fast det endelege omfanget av FAD sin landsverneplan. Det er likevel gjort einskilde vurderingar av denne såkalla 'restkategorien' av eigedommar som Statsbygg forvaltar.

Prosjektleiar hos Statsbygg Øivind Skøien vart avløyst av Andres Kalstad i august 2008. Kontaktperson i FAD er seniorrådgjevar Kaare Falkenberg, hos Riksantikvaren Hanna Geiran, Bård Langvandslie og Ingrid Djupedal. Hos SKE har det vore Marit Vestvik.

Historiedelen til FAD sin landsverneplan, "Statens sentrale bygningar i Noreg 1536–2007", vart gjeven ut i bokform og låg føre våren 2008. Forfattar er historikar Herdis Kolle.

### >>> HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENTET (HOD)

Helse- og omsorgsdepartementet har skriva ein historikk og er kome langt i å laga ein landsverneplan for helsesektoren. Den historiske oversiktsartikkelen "Helsebygg i Noreg" låg føre i 2006. HOD sin landsverneplan omfattar den største eigedomsporfølgen av alle planar i sivil sektor med 1900 bygg fordelte på 250 anlegg. HOD engasjerte Forsvarsbygg i arbeidet med landsverneplanen. Den vart oversend HOD i juni 2008 med forslag om vern av om lag 310 bygg, med knapt 240 i verneklasse 1 og knapt 70 i verneklasse 2. Ein tredjedel er foreslått med interiørvern, heilt eller delvis.



*Modell med G-blokka og eit tidleg utkast til det som blei H-blokka: Statens kontorbygg, arkitekt Erling Viksjø, ca. 1949. Presentasjonsmodell utført av Modellbygg, eigd av Oslo kommune, deponert i Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design. Foto: Leif Anker, SKE*



*Høgblokka i Regjeringskvartalet slik den sto ferdig i 1959, arkitekt Erling Viksjø. Utstillingsmodell utført av Frysja modellverkstad 1999 for Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design. Foto: Leif Anker, SKE*





*Pablo Picasso (1881–1973) og Arkitekt Erling Viksjø (1910–1971) med modellar til Marseille og Jerusalem skulpturar 1964. Foto: Carl Nesjar ©*




*Inger Sitter og Carl Nesjar (t.v.) teiknar ut veggutsmykking av Picasso i 8. etasje H-blokka. Foto: Teigens Fotoatelier AS, Copyright Nasjonalmuseet – Arkitektur.*



**UTSTILLING I REGJERINGSKVARTALET** Som eit ledd i formidlingsarbeidet laga prosjektet ein mal for produksjon av utstillingsbanner som dei ulike sektorane kunne nytte seg av. Fleire av aktørane i prosjektet laga slike banner. Saman med ei spesialutstilling om Regjeringskvartalet si historie, med foto og bygningsmodellar, vart banner frå ulike sektorar stilte ut i galleriet i R5 (regjeringsbygget i Akersgata 59, Oslo).

Kunstnaren Carl Nesjar, som gjennom sin nyskapande kunst har sett sitt sterke preg på så vel H-blokka som Y-blokka, var til stades på opninga av utstillinga 3. desember 2008. Utstillinga heldt fram til 15. januar 2009.

Nesjar som samarbeidde nært med arkitekt Erling Viksjø hadde utvikla den såkalla naturbetongen i sitt arbeid med Regjeringskvartalet. Carl Nesjar samarbeidde nært med Viksjø i å framstille biletkunst i sandblåst naturbetong, den gongen ei heilt uprøvd kunstform. Her vart også Picassos arbeid for første gong utført i monumentalt format i betong. Samarbeidet Nesjar og Picasso vart seinare utvikla og ført vidare med ein lang rekkje prosjekt i Europa og USA. Regjeringsbygget i Oslo var likevel det første og vart banebrytande også i ein internasjonal samanheng.



*Pablo Picasso med fotografiar av eigne teikningar i sandblåst naturbetong frå H-blokka. Foto: Carl Nesjar*

---

HOD ventar på endeleg avgjerd i den såkalla "Hovudstadprosessen" om framtidig sjukehusstruktur i Oslo før landsverneplanen vert endeleg handsama og oversendt Riksantikvaren.

Kontaktpersonar i HOD har vore seniorrådgjevar Kai Furberg og Jørn Petter Kvamme. HOD har samla representantar for alle dei regionale helseføretaka i ei koordineringsgruppe saman med Riksantikvaren og SKE. Seniorrådgjevar Nils Arne Bjordal frå Helse Midt-Noreg leidde koordineringsgruppa. Prosjektleiari i Forsvarsbygg har vore seniorarkitekt Marte Oftedal. Saksbehandlar hos Riksantikvaren for HOD sin landsverneplan er Ingrid Djupedal og kontaktperson i SKE har vore Eirik Bøe og Leif Anker.

### >>> JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENTET (JD)

Statsbygg har fått i oppdrag å lage utkast til landsverneplan for Justis- og politidepartementet. Prosjektleiari hos Statsbygg har vore Øivind Skøien, frå august 2008 Anders Kalstad. Landsverneplanen for justissektoren vil verte ein av dei større statlege landsverneplanane.

Arbeidet er koordinert i departementet gjennom ei intern gruppe med representantar frå dei ulike fagområda som kriminalomsorga, politiet, samfunnstryggleik og beredskap, domstolane og sysselmannen på Svalbard. Kwart område har med utgangspunkt i eigne ressursar skrive ein kort historikk for å skaffe delvis oversikt over sin eigen bygningsmasse.

Statsbygg har gjennomgått registreringar føreteke av sektoren, og arbeider no med verne vurderingar og synfaringar for fagområda politiet, domstolane, kriminalomsorga og Sysselmannen på Svalbard. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap vart hausten 2008 skilt ut som ein eigen verneplan som Forsvarsbygg har fått i oppdrag å utføre. Historikar Terje Bratberg og Statsbygg vart i november samde om å løyse han frå oppdraget med sektorhistoria. Statsbygg har deretter tinga historikar Audun Kjos til historieskrivinga.


Planen for politi, domstolane og kriminalomsorga er planlagd ferdig til sommaren 2009. Kontaktperson i Justisdepartementet er Grethe Rødskog Fodstad. Kontaktperson hos Riksantikvaren har vore Ingrid Djupedal, Linda Veiby og Ingrid Melgaard, og hos SKE har det vore Eirik Bøe og Leif Anker.

### >>> KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET (KRD)

KRD har ikkje ein eige domsporfølje som gjer det naturleg å utarbeide ein landsverneplan.

### >>> KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENTET (KKD)

KKD har fleire ansvarsområde, og det vart bestemt i 2008 at det skulle utarbeidast ein samla plan for desse med underkapittel. Planen tek for seg dei statlege teatra, arkiva, musea og Nasjonalbiblioteket (Rana). Historikar Sidsel Graffer har skrive historikken



7. etasje i Høgblokka, utsmykking nordre veggfelt av Inger Sitter. Foto: Leif Anker, SKE

for teatra. KKD har engasjert NIKU til å utarbeide utkast til landsverneplan for kultursektoren. Planen vart overlevert til KKD og oversend Riksantikvaren til endeleg godkjenning hausten 2008.

Kontaktpersonar i KKD har vore seniorrådgjevar Isabell Lexow og underdirektør Kristin Solbjør Folstad. Kontaktperson i SKE har vore Heidi Uleberg og hos Riksantikvaren Francine Lampe.

Opplysningsvesenets fond (OVF) har tidlegare gjort ei vurdering av prestegardane. No er dei i gang med å supplere denne ved å gå gjennom utmarkseigedommane sine. Desse vart registrerte sommaren 2006. Det er enno ikkje bestemt kva form ei samanstilling av resultatata skal få. Dette vert vurdert opp mot OVF sine strategiske planar framover. Kontaktperson i OVF er Terje Skaug.

#### >>> KUNNSKAPSDEPARTEMENTET (KD)

Landsverneplanen til KD omfattar ei rekkje eigedommar, der universiteta og høgskolane utgjer størstedelen av eigedomsporteføljen. Også dei spesialpedagogiske kompetansesentra, fleire forskingsinstitusjonar og statlege skolar er knytte til sektoren. KD sin landsverneplan er blant dei mest omfangsrike og omfattar institusjonar med stor betyding for samfunnet.

KD har engasjert Statsbygg til arbeidet med landsverneplanen. Historikar Peder Figenbaum er engasjert for å skrive historiedelen. Historiearbeidet vart starta før sommaren 2007. Grunna ulike omstende er dato for slutføring av landsverneplanen endra til 2. halvår 2009.

Prosjektleiar hos Statsbygg har vore Øivind Skøien, frå august 2008 Anders Kalstad. Kontaktperson i KD er underdirektør Arne Hovden, hos Riksantikvaren Ingrid Djupedal og hos SKE Marit Vestvik.

---

## >>> LANDSBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET (LMD)

Landbruks- og matdepartementet har fleire ansvarsområde der det skal utarbeidast landsverneplanar.

### Landsverneplan for bioforsk

Bioforsk, tidlegare Planteforsk, er i sluttfasen med utarbeidinga av sin landsverneplan. Leiar for Bioforsk Øst Løken, Håkon Skarstad, er prosjektleiar og det er også han som har skrive historikken. Bioforsk har fått assistanse frå fleire fylkeskommunar i vurderinga av eigedomsporteføljen. Det er gjort eit utval av eigedommar som skal inngå i landsverneplanen, og Bioforsk har kontrahert NIKU til å gjere dei siste vurderingane. Etter at planen er ferdigstilt, skal den handsamast av styringsgruppa for landsverneplanprosjektet, styret i Bioforsk og LMD, før den vert send til Riksantikvaren. Planen er planlagd ferdig tidleg i 2009.

Kontaktperson for Bioforsk sin landsverneplan hos Riksantikvaren har vore Ragnhild Hoel og hos SKE Heidi Uleberg.

### Landsverneplan for statskog

Statskog har sett ned ei styringsgruppe for landsverneplanarbeidet. Kontaktperson i Statskog og leiar av styringsgruppa er seksjonssjef Jørgen Hoffmann. Statskog arbeider framleis med innlegging av dokumentasjon i eigedomsregisteret til SKE.

NIKU hjelper Statskog med kvalitetskontroll av registreringane og utarbeiding av historikken, som vert skriven av etnolog Knut Fageraas. Statskog har i overkant av 900 eigedomar.

Statskog er ein av sektorane som har grensesnitt mot ein av dei fem nasjonale minoritetane ved Finnebusetjinga. På Varaldskogen (mellom Vinger- og Brandval Finnskog) har Statskog fleire finnetorp i sitt eige.

Statskog er ferdig med sin plan ved årsskiftet 2008/2009.

Kontaktperson i LMD har vore Finn Abrahamsen, hos Riksantikvaren Even Gaukstad og hos SKE Heidi Uleberg

## >>> MILJØVERNDEPARTEMENTET (MD)

MD tek sikte på å framstille sin landsverneplan som ei temasamling ut frå kva tilstand eigedommane er i. Innsamlinga av grunnlagsdata har vist seg å ta lengre tid enn venta.

Kontaktperson i MD har vore Siri Schrøder Vesterkjær fram til oktober, deretter Eirik Bøe. Vesterkjær har utarbeidd historiedelen. Det er oppretta ei styringsgruppe med Marte Oftedal (Forsvarsbygg), Francine Lampe, Ingrid Djupedal (begge Riksantikvaren), Siri Schrøder Vesterkjær deretter Eirik Bøe (MD) og Marit Vestvik (SKE). Landsverneplanen for MD er planlagd ferdig fyrste halvår 2009.

Kontaktperson hos Riksantikvaren har vore Francine Lampe og hos SKE har det vore Marit Vestvik.



### >>> NÆRINGS- OG HANDELSDEPARTEMENTET (NHD)

NHD skal utarbeide ein landsverneplan for gruvedrifta i Noreg. Arbeidet skjer i samarbeid med Bergverksmuseet på Kongsberg.

Bygningane som er nytta i samband med gruvedrifta er aktuelle for vurdering i ein landsverneplan. Dette vedrører heimfallseigedomane som vert forvalta av Bergvesenet, og dei statleg eigde selskapa som driv gruvedrift på Svalbard. Bergvesenet ser trongen for ein gjennomgang av heimfallseigedommane.

NHD har løyvd ressursar slik at Bergverksmuseet på Kongsberg kan gjere ein gjennomgang og ei oppdatering av norsk gruvehistorie. Denne historikken vil danne grunnlaget for vurderinga av heimfallseigedommane sin verneverdi. Arbeidet skal publiserast i bokform. Underdirektør Elisabeth Berger i NHD og bergmeister Per Zakken Brekke i Bergvesenet er kontaktpersonar.

### >>> OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET (OED)

Viktige felt under OED er verksemdene knytte til oljeutvinninga i Nordsjøen og kraftproduksjonen som fell innanfor Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt ansvarsområde. Mykje av dette fell likevel utanfor SKE-prosjektet, som har eigedom med påståande bygningar som hovudfokus.

Uavhengig av SKE starta NVE prosjektet KINK (Kulturminne i norsk kraftproduksjon). KINK tek føre seg både privat, kommunal og statleg kraftutbygging, og planen blei lansert i april 2006.

NVE si museumsordning arbeider med oppfølging av KINK på fire aktuelle område; reguleringstersklar i vassdrag, kraftforsyninga med linjenett, damanlegg og kraftproduksjon.

SKE har hatt kontakt med Statkraft for å avklare oppfølginga av KINK-prosjektet. Statkraft er som statleg selskap ikkje forplikta til å utarbeide landsverneplan. Selskapet har likevel vist stor interesse og har påtatt seg dette arbeidet. Statkraft har engasjert NVE si museumsordning til å lage landsverneplan for Statkraft sine bygningar og anlegg. Landsverneplanen er planlagt ferdig våren 2010. Ved årsskiftet 2008/2009 vart det oppretta ei kontaktgruppe med Helene Nynäs og Elisabeth Høvås, begge frå NVE, Erling Nystad frå Statkraft og Ingrid Djupedal frå Riksantikvaren.

I tillegg har Oljemuseet i Stavanger i samarbeid med Riksantikvaren starta dokumentasjonsprosjekt som tek føre seg oljeutvinninga i Nordsjøen. Desse prosjekta vert gjennomførte uavhengig av SKE.

Starten på dokumentasjonsprosjektet var "Kulturminne Ekofisk" som var eit dokumentasjonsprosjekt om Ekofisk-feltet. Dette har



Stort bilete: Detalj av Picassos utsmykking i sørveggen 8. etasje, H-blokka. Lite bilete: heile motivet, sjå òg foto s. 19. Foto: Leif Anker, SKE

vore eit nybrottsarbeid innanfor dokumentasjon av teknisk-industrielle kulturminne i Noreg. Prosjektet aktualiserte spørsmålet om kva slags nasjonal visjon som skal liggje til grunn for ei heilskapleg vurdering av kulturminneverdiar innan petroleumssektoren. Dette har ført til prosjektet "Kulturminne i norsk petroleumsverksemd", som skal resultere i ein kulturminneplan for sektoren som presenterer eit utval av anlegg og installasjonar med nasjonal verdi som kulturminne. Planen skal gi grunnlag for prioritering av anlegg i det vidare arbeidet med å dokumentere oljeverksemda for ettertida.

### >>> SAMFERDSELSDEPARTEMENTET (SD)

SD var tidleg ute med å ta ansvar for kulturminnevern i eigen sektor. Dei har laga landsverneplanar for Statens vegvesen, NSB-stasjonsbygningane og har utarbeidd ein ikkje vedteken plan for Telenor. I tillegg har Jernbaneverket utarbeidd ein landsverneplan som har vore på høyring.

SD varetek òg eigaransvaret i dei heileigde statsaksjeselskapa Posten Noreg AS og Avinor AS, og begge desse selskapa vedtok gjennom kontakt med SKE-prosjektet å utarbeide landsverneplanar for sine sektorar.



### Landsverneplan for Avinor AS

Avinor vedtok i november 2005 at dei skulle utarbeide ein landsverneplan. Hovudprosjektet vart avslutta i 2008. Leiar for hovudprosjektet har vore Bernt Olsen Hagen. Med seg i prosjektgruppa har han hatt Elin Hansen og Nicolay Dons (alle frå Avinor). Det var også sett ned ei referansegruppe der mellom anna SKE var med.

Verneplanen er utarbeidd av Forsvarsbygg i samarbeid med prosjektgruppa, medan historikar Olav Gynnild ved Norsk luftfartsmuseum i Bodø har skrive historikken. Landsverneplanen til Avinor vart oversend til Riksantikvaren før jul 2008.

### Landsverneplan for Posten Noreg AS

Posten Noreg AS vedtok 29. november 2005 at dei skulle utarbeide ein landsverneplan. Prosjektleiar i Posten Noreg AS har vore Bjørn Brustad, og NIKU har assistert Posten Noreg AS i utarbeidinga av landsverneplanen. Som det første landsverneplanprosjektet under SKE lanserte Posten Noreg AS sin landsverneplan 19. desember 2006. Historikaren Finn Erhardt Johansen frå Universitetet i Oslo har skrive historiedelen i landsverneplanen.

### Jernbaneverket

Jernbaneverket har invitert SKE til å delta i ei arbeidsgruppe som skal utarbeide ein landsverneplan for jernbanen sine stasjonar og stasjonsmiljø. Arbeidet skal forankrast i NSB AS, Jernbaneverket og fylkeskommunane. Målet er eit strategi-program for den banevise forvaltninga av jernbanen sine stasjonar konkretisert i ei liste over bygningar, anlegg og miljø som det er tilrådd å frede/verne. Bakgrunnen er at NSB Eigedom AS og Jernbaneverket ynskjer å samarbeide vedrørende oppfølging av "Nasjonal verneplan for kulturminne i jernbanen".

Seniorrådgjevar Gustav Rosnes frå Riksantikvaren er saksbehandlar for landsverneplanane til både Avinor AS og Posten Noreg AS. Kontaktperson i SD er seniorrådgjevar Elin Marie Furu og i SKE har det vore Heidi Uleberg.

### >>> **UTANRIKSDEPARTEMENTET (UD)**

Statens eigedommar i utlandet er ikkje med i SKE-prosjektet. Prosjektet oppfordrar likevel UD og Statsbygg til å syte for høg kvalitet i forvaltninga av staten sine eigedommar i utlandet, slik at ein tek vare på dei kulturhistoriske verdiane.

### >>> **STORTINGET**

Stortinget er ferdig med registreringa. Det er ikkje bestemt om Stortinget skal lage landsverneplan. Kontaktperson i Stortinget er overingeniør Terje Bergquist. I SKE har det vore Heidi Uleberg.

---

**04.3 REGISTERET** Som omtalt i tidlegare rapportar har SKE fått utvikla eit web-basert eigedomsregister til bruk ved arbeidet med landsverneplanar. Registeret er konstruert for å kunne handtere større omfang av kulturminnerelaterte data (omtale, tilstandsvurderingar, bilete, vernevurderingar osv.) enn vanlege forvaltningsdatabasar. Databasen er også bygd opp slik at utskrifter frå registeret kan gå rett inn som sider i katalogdelen av ein landsverneplan. Denne databasen er difor først og fremst konstruert til bruk i arbeidet med framstilling av landsverneplanar, og skal avviklast når siste landsverneplan er produsert og alle data er overførte til kulturminneregisteret Askeladden og til dei einskilde eigedomsforvaltarane sine register. Slik skal vidare bruk og utvikling av registerinformasjonen sikrast i meir permanente register.

**04.3.1 REGISTERUTVIKLING** Også i 2008 er det gjort fleire forbetringar av brukargrensesnittet for registeret og oppgraderingar av rapportfunksjonane. SKE har hatt fleire møte med Riksantikvaren, ulike aktørar som arbeider med produksjon av landsverneplanar og systemutviklarar for å sikre at rapportane og korleis dei vert genererte, er tilfredsstillande for alle partar.

Både Statsbygg, NIKU, Avinor og helseprosjektet bruker no katalogsidene genererte frå SKE sitt register som grunnlag for produksjon av landsverneplanane.

**04.3.2 GJENNOMFØRING AV REGISTRERING** Datainnsamlinga er framleis ikkje heilt slutført, men det har skjedd vesentlege framsteg i løpet av 2008, og alle departement er no godt i gang med arbeidet.

**04.3.3 OVERFØRING AV DATA FRÅ SKE-REGISTERET ETTER AVSLUTTA LANDSVERNEPLANARBEID** SKE samarbeider med Riksantikvaren og dei største statlege eigedomsforvaltarane for å førebu overføring av data frå SKE-registeret til dei ulike forvaltingsregistra. Prosjektet er i samarbeid med Riksantikvaren godt i gang med førebuingar for dataoverføring til Riksantikvarens kulturminneregister Askeladden.

Arbeidet med å definere kva data som skal overførast til dei ulike mottakarane, og hjelp til å gjere nødvendige justeringar i dei registra som skal ta i mot registerdata, har vore eit av dei sentrale innsatsområda for SKE i 2008.


**04.3.4 REGISTERSTATUS NOVEMBER 2008** Det har vore ein viss auke i talet på eigedomar og kompleks i SKE-registeret sidan fyrste registerstatus i 2003. Auken skuldast for ein del grundigare registrering som fylgje av arbeidet med dei enkelte landsverneplanane. Noko av auken skuldast også endringar i eigedomstilhøva. Talet på verna og verneverdige bygg har også auka i alle kategoriar, samstundes som vernestatus også speglar pågåande arbeid med vern i statleg sektor. Ein må difor rekne med at desse tala vil endre seg i takt med arbeidet med landsverneplanar. Noko fullstendig oversyn vil ikkje vere mogeleg før arbeidet med alle landsverneplanar er avslutta.





| SKE registerstatus                         | November 2008 | Rapport 2003 |
|--|---------------|--------------|
| Statlege bygg registrerte i SKE-basen      | 13 005        | 10 706       |
| Bygningar med vernestatus                  | 1 868         | 1 628        |
| Freda etter kulturminnelova                | 762           | 735/735      |
| 'Administrativt' freda                     | 255           | 221          |
| Registrerte i statleg verneplan            | 833           | 834          |
| Vern i høve til pbl §25.6                  | 216           | 96           |
| Anna vern                                  | 426           | 350          |
| Svalbard /Jan Mayen                        | 10            | 1            |
| Vurderte i fredingsklasse                  | 839           |              |
| Vurdert som verneverdige                   | 1 166         |              |
| Foreslått verna og formelt verna til saman | 2 818         | 1 985        |

Vi gjer merksam på at tabellen må lesast med varsemd. Mange bygg er talde i fleire kategoriar. Talet på foreslått verna og formelt verna bygg er såleis ikkje summen av dei ulike kategoriane i tabellen.



12. etasje i Høgblokka med Tore Haalands utsmykking på nordveggen. Foto: Leif Anker, SKE

Fordelinga av bygg geografisk gjev desse tala:

| Fylke            | Alle bygningar | Verna i dag  | Verna i dag i % | Foreslått nytt vern | Nytt vern i % |
|------------------|----------------|--------------|-----------------|---------------------|---------------|
| Østfold          | 538            | 31           | 5,76            | 52                  | 9,67          |
| Akershus         | 1111           | 132          | 11,88           | 217                 | 19,53         |
| Oslo             | 823            | 239          | 29,04           | 335                 | 40,70         |
| Hedmark          | 977            | 66           | 6,76            | 133                 | 13,61         |
| Oppland          | 655            | 60           | 9,16            | 108                 | 16,49         |
| Buskerud         | 650            | 45           | 6,92            | 69                  | 10,62         |
| Vestfold         | 468            | 75           | 16,03           | 121                 | 25,85         |
| Telemark         | 502            | 56           | 11,16           | 64                  | 12,75         |
| Aust-Agder       | 468            | 75           | 16,03           | 98                  | 20,94         |
| Vest-Agder       | 524            | 97           | 18,51           | 113                 | 21,56         |
| Rogaland         | 720            | 91           | 12,64           | 143                 | 19,86         |
| Hordaland        | 1 034          | 107          | 10,35           | 237                 | 22,92         |
| Sogn og Fjordane | 327            | 88           | 26,91           | 101                 | 30,89         |
| Møre og Romsdal  | 579            | 170          | 29,36           | 177                 | 30,57         |
| Sør-Trøndelag    | 905            | 165          | 18,23           | 257                 | 28,40         |
| Nord-Trøndelag   | 611            | 43           | 7,04            | 88                  | 14,40         |
| Nordland         | 956            | 170          | 17,78           | 259                 | 27,09         |
| Troms            | 377            | 36           | 9,55            | 49                  | 13,00         |
| Finnmark         | 554            | 111          | 20,04           | 161                 | 29,06         |
| Svalbard         | 97             | 10           | 10,31           | 33                  | 34,02         |
| Uvisst fylke     | 250            | 1            |                 | 3                   |               |
| Anna             | 8              |              | 0               |                     |               |
|                  | <b>13 005</b>  | <b>1 868</b> | <b>14,36</b>    | <b>2 818</b>        | <b>21,67</b>  |

Kolonnen for verna bygg omfattar både bygg som er freda og bygg som har anna formelt vern.



Akershus, Hordaland og Hedmark har flest registrerte bygg med Nordland på ein god fjerdeplass. Fylke med flest verna bygg er Oslo, Nordland og Møre og Romsdal med Sør-Trøndelag på ein fjerdeplass. Ser ein verna og verneverdige bygg saman endrar dette seg noko. Oslo og Nordland ligg framleis øvst, men med Sør-Trøndelag og Hordaland etter. Sett i relative tal kjem Oslo øvst, følgd av Svalbard, med Sogn og Fjordane saman med Møre og Romsdal tett på. Også Finnmark har høg del verna og verneverdige bygg, både i absolutte og relative tal.

Fordelinga av registrerte bygg er ikkje uventa kronologisk ujamne. Her kan det vere rom for nokre endringar. Ikkje alle bygg i basen er registrerte med datering. Lista inneheld om lag 90% av bygningane.

| Datering  | Bygningar | Prosentdel |
|-----------|-----------|------------|
| 1600–1624 | 2         | 0,03       |
| 1650–1674 | 8         | 0,11       |
| 1675–1699 | 8         | 0,11       |
| 1700–1724 | 14        | 0,19       |
| 1725–1749 | 28        | 0,38       |
| 1750–1774 | 53        | 0,71       |
| 1775–1799 | 46        | 0,62       |
| 1800–1824 | 110       | 1,48       |
| 1825–1849 | 123       | 1,65       |
| 1850–1874 | 352       | 4,72       |
| 1875–1899 | 351       | 4,71       |
| 1900–1924 | 813       | 10,91      |
| 1925–1949 | 809       | 10,85      |
| 1950–1974 | 2 187     | 29,34      |
| 1975–1999 | 1 622     | 21,76      |
| 2000–     | 187       | 2,51       |



3. etg. Detaljer i trapperom. Foto: Leif Anker SKE

Om lag 3/4 av dei statlege bygga i SKE-basen er frå det 20. hundreåret og vel halvdelen er bygde i tida etter 1950. Dette speglar langt på veg veksten i statlege oppgåver som kjenneteiknar framvoksteren av den moderne nasjonalstaten. Det er registrert om lag 160 bygg eldre enn 1800. Det store fleirtalet av desse er prestegardar. Dette samsvarar med presteskapets stilling som embetsmenn etter reformasjonen og deira rolle i samfunnsstyret. Held ein prestegardane utafør, er det noko færre enn 50 bygg frå før 1800 som er aktuelle i landsverneplanarbeidet i samband med SKE-prosjektet.

---

Berre ei handfull bygningar i SKE-basen, 18 i alt, er eldre enn frå 1700. Dei eldste av desse er Rosenkrantzårnet og Håkonshallen i Bergen, som saman med delar av Oslo bispegard er frå mellomalderen. Delar av Austråttborgen på Fosen er frå omkring 1650. Dette inneber at landsverneplanarbeidet i stor mon er ein gjennomgang av det 20. hundreåret sin arkitektur, og med ei hovudvekt på etterkrigstida.

**04.3.5 ANDRE VERKSEMDER SIN BRUK AV SKE-REGISTERET** SKE sin politikk har vore at registeret skal kunna brukast av alle som ynskjer det. SKE har difor oppfordra også andre verksemder om å ta det i bruk.

Oslo Hamn KF har samarbeidd med NIKU om å utvikle eit SKE-register til bruk i registrering av kulturminne i Oslo hamn. Tilsvarande har også Undervisningsbygg Oslo KF i Oslo kommune lagt sine bygg inn i basen.

#### **04.4 FORVALTNINGSSTRATEGI FOR STATENS KULTURHISTORISKE EIGEDOMAR**

**04.4.1 ARBEID MED FORVALTNINGSPLANAR** I 2007 etablerte SKE ei gruppe som skulle jobbe med å utvikle ein mal for forvaltningsplan. I gruppa deltok representantar frå Statens vegvesen, Universitet for miljø og biovitenskap, Riksantikvaren, Statsbygg og Forsvarsbygg. I juni 2008 vart SKE-sekretariatet bede av koordineringsgruppa for helseplanen om å lage eit mindre døme på forvaltningsplan, ein såkalla pilot. Ein valde då å lage piloten for hovudbygget på Stord sjukehus med utgangspunkt i malen som var i arbeid. Piloten vart til i nært samarbeid med arbeidsgruppa for forvaltningsplan. Sekretariatet og arbeidsgruppa avslutta arbeidet med pilot og mal for forvaltningsplan i desember 2008. Saka er oversend MD for vidare oppfølging.

**04.4.2. RETTLEIAR REGULERINGSPLANARBEID FOR BYGNINGAR I VERNEKLASSE 2** Våren 2008 sette SKE-sekretariatet ned ei arbeidsgruppe for å lage ein rettleiar for regulering til spesialområde bevaring etter plan- og bygningslova for bygg i verneklasse 2. Med i gruppa har vore representantar frå Miljøverndepartementet, Riksantikvaren, Statsbygg, Forsvarsbygg, Byantikvaren i Oslo og SKE-sekretariatet. I juni vart eit førebels utkast levert MD som overtok ansvaret med å gjere rettleiaren ferdig.

#### **04.5 FORMIDLING**

**04.5.1 FORUM FOR LANDSVERNEPLANAR** SKE har arrangert to 'Forum for landsverneplanar' i 2008, den 10. juni i regjeringskvartalet og 28. november i Arkitekturmuseet i Oslo.

På forumet 10. juni drøfta ein vidareføring av prosjektet i regi av Miljøverndepartementet etter 2008, rutinar for samarbeid mellom sektorane og Riksantikvaren, arbeid med forvaltningsplanar, orientering om status i landsverneplanarbeidet og eigars vedlikehaldsplik for egne bygg. Det vart også presentert utstillingsmodell/banner som eit tilbod til deltakarane i prosjektet. Det var innlegg frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet, Miljøverndepartementet, Riksantikvaren, Avinor, SKE og Statens Vegvesen.



Forumet 28. november vart ei markering av overføringa av prosjektet frå FAD til MD frå og med 2009. Statsråd Heidi Grande Røys innleidde om omfanget og betydninga av SKE-prosjektet, medan MD og Riksantikvaren innleidde om vegen vidare. SKE sin metode vart drøfta, landsverneplanen for KKD vart presentert og arbeid med reguleringsrettleiar for statens kulturhistoriske eigedomar vart drøfta. I tillegg gav ein biletkavalkade glimt frå arbeidet i prosjektperioden. Riksrevisor Jørgen Kosmo runda av forumet.

**04.5.2 NETTSIDA** SKE formidlar relevant informasjon gjennom sine nettsider. Desse vert oppdaterte jamleg. Sidene er også portal til prosjektets eigedomsregister. Adressa er [www.statenskulturhistoriskeeiendommer.no](http://www.statenskulturhistoriskeeiendommer.no).

**04.5.3 UTSTILLING I REGJERINGSKVARTALET** Som eit ledd i formidlingsarbeidet laga prosjektet ein mal for produksjon av utstillingsbanner som dei ulike sektorane kunne nytte seg av. Fleire av aktørane i prosjektet laga slike banner. Saman med ei spesialutstilling om Regjeringskvartalet si historie, med foto og bygningsmodellar, vart banner frå ulike sektorar stilte ut i galleriet i R5 (regjeringsbygget i Akersgata 59, Oslo).

Kunstnaren Carl Nesjar, som gjennom sin nyskapande kunst har sett sitt sterke preg på så vel H-blokka som Y-blokka, var til stades på opninga av utstillinga 3. desember 2008. Utstillinga heldt fram til 15. januar 2009.



Frå opninga: Carl Nesjar og Sylvia Antoniou i raudt i midten framme.  
Foto: Tor Audun Kveim, FAD

## 04.6 DIVERSE

**04.6.1 STUDIETUR TIL LISBOA** Referansegruppa var på studietur til Lisboa hausten 2008. Formålet var å studere korleis statlege kulturhistoriske eigedomar vert nytta og forvalta. Det var møte med IGESPAR, Offentlig institutt med forvaltnings- og utviklingsoppgåver for arkitektonisk og arkeologisk kulturarv, møte med IHRU, Institutt for bustad- og byfornyng. Det var synfaring til Jeronimos-klosteret, Belém, Sintra og Pena, Forte de Sacavém og til EXPO området. I alt 12 representantar frå FAD, KD, KKD, MD, ABM-utvikling og Riksantikvaren deltok.

**04.6.2 SKE SIN METODE** Arbeidsmetoden til SKE er tufta på tre hovudpunkt:

- Det fyrste er sektorprinsippet. Miljøomsyn er eit sektorovergripande ansvar. Som del av miljøvernet er difor arbeidet med eigne kulturminne eit ansvar som ligg i sektoren (det einskilde departement).
- Det andre er forankring og medbestemming. Sektorane og dei einskilde eigedomsforvaltarane har vore trekte inn i arbeidet med å registrere og velje ut bygg til verneplanane. Målet har òg vore å oppnå semje om landsverneplanen som heilskap.
- Det siste hovudpunktet er registeret. Dette er tenkt og utvikla som eit arbeidsregister og database som gjer det mogeleg å lage landsverneplan direkte i registeret. Kvar einskild eigedom og bygg har plass for opplysningar naudsynte for å grunngje freding etter kulturminnelova. Registeret er slik ein føresetnad for ei rask og oversikteleg handsaming av fredingssak for statlege bygg og eigedomar.

## 05/BUDSJETT OG ØKONOMI

**05.1 BUDSJETTRAMMER** Løyvinga til prosjektet i 2008 var i utgangspunktet 2,0 mill. kroner, men blei seinare auka til 2,5 mill. kroner. Prosjektet er finansiert innanfor Fornyings- og administrasjonsdepartementet sitt budsjett.

**05.2 Forbruk i 2008** Tala i oppsettet er avrunda.

|                                      |           |
|--------------------------------------|-----------|
| Lokale, kontortenester, løn          | 1 560 000 |
| Utvikling og vedlikehald av register | 290 000   |
| Bok, trykksaker og WEB               | 490 000   |
| Møte/servering                       | 29 000    |
| Reiser                               | 130 000   |
|                                      | 2 499 000 |



<<< Bilete t.v.: Berre lindealleen framfor hovudinngangen til H-blokka er tilbake av det gamle Empire-kvartalet og det første Rikshospitalet. Utsmykkinga i gavlen på Y-blokka er sandblåst av Carl Nesjar etter Picassos teikning. Foto: Leif Anker, SK&

Bilete over: Hovudinngangen til H-blokka i 1962. Den var opphavleg ein open passasje. I bakgrunnen skimtar ein kafé Justisen i sine opphavlege lokale i Grubbegata. Foto: Randulf Kure, Oslo Museum

>>> Bilete t.h.: H-blokka med dagens hovudinngang frå Akersgata. Foto: Leif Anker, SK&



**STATENS KULTURHISTORISKE EIGEDOMAR**

Fornyings- og administrasjonsdepartementet • Postboks 8004 Dep. N-0030 • Telefon 22 24 90 90  
[www.statenskulturhistoriskeeiendommer.no](http://www.statenskulturhistoriskeeiendommer.no)